

## Tiltaksliste beslutta av beredskapsleiinga i HFD:

Følgande tiltak er ettermiddag 22.03.18 beslutta for å avgrense utbrot oppkast/diaré ved Førde sentralsjukehus. Tiltaka gjeld i første omgang fram til mandag 26.03.18.

### 1) Støttefunksjonar i sjukehuset:

- a. Auka kapasitet reinhaldsavdelinga komande dagar for å kunne sørge for utvask av rom. 1 personale tilgjengeleg, heimevakt OK.
- b. Matvertar i 6. og 8. etasje hentar mat frå buffet (unngå smitte via kafeane). Ekstra innleige av personell.
- c. Sentrallager får melding om å syte for nok smittevernutstyr.

### 2) Informasjon til fastlegar: (Sendast ut via PKO og leggast på internettsida)

- a. Innleggingar som ikkje må skje komande dagar bør avgrensast.
- b. Konferanseplikt innførast før innlegging for alle avdelingar ved FSS, dvs. at sentralbordet set over telefonar om innlegging til vakthavande legar.

### 3) Informasjon til avdelingane (sendast ut til avdelingane + leggast på intranett):

- a. Kvar avdeling tek gjennomgang i høve behov for å stoppe elektiv verksemd komande dagar. Ansvar: Avdelingssjefar. Det innførast ikkje generell stopp for elektiv verksemd neste veke p.t..
- b. Forsiktighet i høve overflytting av pasientar frå ei avdeling til ei anna. Ved tvil skal ein konferere med vakthavande overlege i medisinsk avdeling. For spørsmål omkring overflytting til intensivavdelinga skal vakthavande overlege anesthesi konsulterast.
- c. Avdelingane skal løpande vurdere å samle smitta pasientar i kohortar i avdelingar.
- d. Prosedyre: Dråpesmitte.
- e. Tilsette som sjukemeldast pga oppkast/diaré: Karantenetid 48 timar.

### 4) Informasjon til publikum:

- a. Oppfordring til å avgrense besøk (der det er mogeleg) på FSS inntil vidare. Dei pårørande som treng å kome til sine, skal kome. Ved tvil kan ein kontakte sjukehusavdelinga.
- b. Plakat ved hovudinngangen om utbrot oppkast/diaré (norovirus) og oppmoding om å avgrense unødig besøk.

### 5) Andre meldingar:

- a. Melding via vesuv (ansvar:hygienesjukepleiar)
- b. Beredskapssjef varslar Helse Vest.

6) Beredskapsleiinga har nytt statusmøte 23.03. kl 11.